



Nr 1

2017

68. årgang

God påske!

«Og atter som eit under, nytt liv av daude gror!»

Eg veit ikkje korleis det er med deg, men for meg er det slik at vinteren blir god fordi eg veit at det går mot vår. Sjølv sagt har vinteren sine egne vakre sider og gleder, men om eg ikkje hadde visst at etter vinteren kjem det ein vår, så kunne eg blitt ganske tung til sinns. Når mørket slepp taket og dagane vert lengre og lysare. Når det tinar i bakkane og småfuglane kjem att. Når dei fyrste vårblomane sprenger seg fram frå moldsvart jord.

Når livet og livskraftene får overtaket. Då vert eg fylt av forventning og håp.

I eit av dei gamla breva i Det Nye Testamentet skriv apostelen Paulus til dei truande i byen Korint. Han skriv til dei fordi det har kome han for øyra at dei har hatt besøk av forkynnarar som ikkje trur på, eller forkynner Kristi oppstode frå dei døde. For Paulus er dette ein utenkjeleg tanke. Like utenkjeleg som at vinteren ikkje skulle bli følgd av ein vår.

Han seier til dei: *«Har vi berre for dette livet sett vårt håp til Kristus, då er vi ynkelegare enn alle menneske. Men no er Kristus oppstaden frå dei døde. Han er førstegrøda av dei som har sovna inn. Fordi døden er komen ved eit menneske, så er og oppstoda av dei døde komen ved eit menneske. For liksom alle døyr på grunn av Adam, skal alle få liv ved Kristus.»* (1.Kor.15;19-22)

Det kjem ei tid då alt skal bli nytt. Då dei døde som har sovna inn skal bli vekte opp att. Ein dag då heile jorda skal bli ny. Ein ny himmel og ei ny jord der rettferd bur. Det er



«våren» som kjem med håp, lys og varme.

Visst er det vanskeleg å tru på oppstoda og det evige livet. Det er ikkje lett for tanken vår å gripa kva som ligg i dette at dei døde skal stå opp att, eller at jorda skal bli ny, men samstundes så har vi føredøme på korleis dette skjer kvart einaste år i naturen rundt oss. Vi ser at det skjer, om att og om att. Døden sigrar, livet visnar og naturen «døyr», men opp av den frosne jorda veks nytt liv og livet og lyset vinn på nytt og jagar mørket bort. Påsketida er tida då vi her i Noreg på ein heilt spesiell måte får oppleve at naturens rytme spelar på lag med den kristne budskapet om Jesu liding, død og oppstode. Det går frå mørke til lys både i naturen og i den budskapet som vert forkynt rundt om i alle kyrkjer. Livet sigrar. Håpet lever.

Den gamle påskehelsinga som

folk seier til kvarandre fyrste påskedags morgon lyder: Kristus er oppstaden! Ja, - han er sanneleg oppstaden! Dette er ei helsing som held fast på det ufattelege og håpefulle: At livet sigrar over døden!

Ingvald Andersen Frøyen





Nytt frå Mali

Valet og konsekvensane

Alhadj kjem frå ein av byane misjonen i Mali har jobba i lenge. Onkelen hans er den viktigaste Koranlæraren i byen, og sidan han var barn studerte Alhadj Koranen saman med andre unge gutar hjå onkelen sin. Blant alle barndomsvenane til Alhadj er det éin som har vorte kristen. I fleire år har dei to unge mennene nytta ledige stunder til å snakka saman om tru, om islam sin veg og om Jesus sin veg. Kva er sant? Kva er rett? Kvifor seier dei kristne at Jesus er Guds Son? Kva er dei kristne sitt forhold til svinekjøt og alkohol? Kvifor kan ikkje dei kristne akseptera Muhammed som profet når muslimar godtar at Jesus var ein profet? Kva openberring kjem eigentleg frå Gud? Kven kan leia oss til Gud og berga oss gjennom døden?

Gjennom samtalane med sin kristne ven, har Alhadj litt etter litt kome til å tru at Jesus Kristus er svaret på det siste spørsmålet, og også til å tvila på mange av dei tinga han lærte hjå onkelen sin då han var ung.

Til sist fekk Alhadj eit ultimatum frå foreldra sine: anten må du slutta denne flørten med den kristne trua, eller så får du ikkje bu hjå oss lenger, og me avbryt også prosessen med å finna ei kone til deg. Det var eit vanskeleg val som vart tvinga på ein ung mann. Etter nokre dagar tok han med seg symaskina si, som han tener til livets opphald med, og flytta heimafrå. Nokre veker seinare, våren 2016, var han med barndomsvenen sin på kristen gudsteneste for første gang. No er han trufast

deltakar på gudsteneste i ein av dei små fulanitalande kyrkjelydane som misjonen har starta i Mali. Nyttårshelga deltok han på den første kristne ungdomsleiren for fulanitalande i Mali, og fortalte vitnesbyrdet sitt framfor dei førtitals ungdommane som var samla.

Alhadj heldt kontakt med familien sin på telefon. Etter nokre månader som utstøtt opplevde han det same som enkelte andre kristne fulaniar har gjort: relasjonen med familien vart gjenoppretta, og han fekk lov å koma heim att, sjølv om han framleis meiner at det er på Jesus sin veg mennesket finn frelse.

Frode Brugger Sætre
(misjonær i Mali)

«Den verdsvide kyrkja i jubileumsåret 2017»

I år er det 500 år sidan munken Martin Luther spikra opp sine 95 tesar på kyrkjedøra i Wittenberg og såleis starta ein reformasjon av kyrkja som han sjølv ikkje hadde sett føre seg. Den lutherske kyrkja vart ei frukt av denne reformasjonen, men også alle dei andre protestantiske kyrkjene og trussamfunna som vi kjenner i dag.

I vår tid er det heldigvis ikkje like harde frontar og skarpe ordvekslingar mellom lutheranarar og katolikkar som i tidlegare tider. Det er også eit mildare klima mellom dei lutherske kyrkjene og dei andre protestantiske kyrkjene. Vi lever i ei tid der kyrkja har tona ned det som skil oss og festa fokus på det som samlar oss som kristne. Framleis er

det til dels store skilnader på våre ulike kyrkjer, og enno er ein langt frå einige om all teologi, men vi er i det minste på talefot og anerkjenner kvarandre som kristne systre og brør. For oss som bur i Noreg og høyrer til den lutherske kyrkja her, er det lett å tenke at vår oppleving av korleis kyrkja er også gjeld for alle andre. At dei teologiske diskusjonane vi held på med gjeld alle kyrkjer over heile verda. At den minkande



deltakinga på gudstenester, dåp, konfirmasjon og vigslar som vi erfarer her i Noreg er ein global trend. Men dette er altså heilt feil.

I resten av Europa og Nord-Amerika opplever kyrkjene

Nonnebønn frå det 17. århundret

På ei songgudsteneste i Øn kyrkje i fjor, i september, las Gunvor Bygnes denne nonnebøna, som mange tykte om, og som vi gjerne vil trykke i kyrkjelydsbladet. Ho fortel: «I 1994 var vi for andre gong på biltur rundt om i det interessante øyriket Shetland. På øya Yell kom vi til å køyra framom eit kvitmåla, eldre hus, der eit oppslag fortalde at huset rømde eit lokalt museum. Vi gjekk inn og fekk ei fin omvising.

På ein vegg var hengt opp denne nonebøna – i engelsk tekst, naturligvis. Vi fekk ein kopi med oss heim. Då eg nokre år seinare fekk eit leseoppdrag, trur det var i Hyllestad kyrkje, fann eg ut at denne nonnebøna kunne vere eit av lesestykkja. Per og eg omsette bøna i samband med dette leseoppdraget.

Herre, du veit betre enn eg at eg vert eldre og ein gong vil verta gamal. Hald meg borte frå den øydeleggjande tenkemåten at eg må seie noko om alle ting og ved alle høve.

Fri meg frå å vilje rydde opp i andre sine saker. Gjer meg tankefull men ikkje trist, hjelpsam men ikkje styrande. Det er synd om eg ikkje brukar alle mine gode eigenskapar. Men du veit, Herre, at eg ynskjer meg nokre få vener til slutt.

Hald tankane mine borte frå å snakke om endelause detaljar, gje meg evner til å kome til hovudsaka. Lat ikkje leppene mine klage over smerte og sorg. Dei aukar, og lysten til å ta dei opp att vert sterkare etter som åra går.

Eg vågar ikkje be om slik nåde at eg kan vise medkjensle

nok for andre sine vanskar, men hjelp meg til å syne dei tolmod. Eg vågar ikkje å be om eit betre minne, men om å verte meir audmjuk og mindre skråsikker når hugset mitt ikkje samstavar med andre sitt. Lær meg den strålande lekse at eg tidvis kan ta feil. Hald meg rimeleg imøtekommande. Eg ynskjer ikkje å vere ein helgen – nokre av dei er vanskelege å leve saman med – ein sur, gamal person er noko av det verste som tenkjast kan.

Gjev meg evne til å sjå gode ting på uventa stader og talent hjå uventa menneske. Og gjev meg, Herre, nåde til å seie det til dei.

Amen



ein ganske markant nedgang i tal medlemmer, som hos oss. Dei gamle konfesjonelle kyrkjene (Lutherske / Katolske / Anglikanske) og ikkje minst dei gamle statskyrkjene og folkekyrkjene er dei som har størst fråfall, medan dei som veks mest er dei som høyrer til i det vi kan kalle den karismatiske pinsevennfamilien. Om vi ser på resten av verda; med Afrika, Asia, Sør-Amerika og Oseania, så ser ein her at kyrkjene veks raskt. Også her er det pinsevenn kyrkjene som veks mest, men også dei konfesjonelle kyrkjene, som den Lutherske har stor framgang i ein del land. Det er faktisk slik at aldri nokon gong i verda si historie har det vore så mange kristne som nett no. I år 1900 var det 558 millionar kristne i verda medan det i 2010 var 2 milliardar og 291 millionar kristne. Sjølv sagt må ein sjå på at det har vore ei enorm befolkningsauke, men tala tek i alle fall livet av myten om at kyrkja og trua er død.



For oss i den Lutherske kyrkja er det slik at vi på verdsbasis er eit ganske lite kyrkjesamfunn. Vi er totalt 63,4 millionar lutheranarar i verda. Tradisjonelt har tyngdepunktet vore hos kyrkjene i Skandinavia, Tyskland og Nord-Amerika. Etter meir enn 150 år med luthersk misjon er det no slik at det er dei lutherske kyrkjene i Sør som veks og som snart vil ha fleirtalet også i vår «kyrkjefamilie». Det var til dømes 17,2 millionar lutherske kristne i Afrika i 2010, og berre i Etiopia er det over 5 millionar medlemmer i Mekane Yesu kyrkja. Den Lutherske kyrkja på Madagaskar tel 3 millionar.

Når vi tek desse tala inn over oss, så må vi bli glade, fordi kyrkja veks. Så må vi spørje oss sjølv: Kva er våre kristne sysken i sør opptekne av? Kva for spørsmål er det som fyller deira kvardag? Kva for utfordringar må prestar og forkynnarar der ta opp på sine preikestolar?

Fleirtalet av våre kristne sysken i verda, det vere seg lutheranarar eller andre, er opptekne av spørsmål som; svolt, korrupsjon, krig, politisk ustabilitet, klimaendringar, trusselen frå radikal islam og utfordringa som minoritet. Det betyr ikkje at dei er umedvetne om dei teologiske og etiske debattane vi har her heime, men i deira kvardag er det andre utfordringar som kjem først.

I året for feiring av reformasjonen vil eg at vi skal utfordre kvarandre på å vende blikket utover i verda. Sjå mot den verdsvide kyrkja og dei utfordringane dei står i. Lytte til deira spørsmål og la oss utfordre til engasjement. Vi står saman. Vi deler den same trua, - men vi har heilt ulike vilkår for liva våre.



I fleire hundre år var den lutherske kyrkja ei «kvit kyrkje» dominert av europeiske tradisjonar og der det i dei siste generasjonane var ein økonomisk sterk middelklasse som utgjorde fleirtalet. I dag er den lutherske kyrkja vår ei fargerik kyrkje og den typiske lutheranar er ikkje kvit eller rik, men kan vere ei etiopisk kvinne med lav inntekt og stort omsorgsansvar.

I eit jubileumsår er det difor viktig ikkje berre å spørje; kor kjem vi frå?, men også; kor er vi no og kven er vi no? Eg er overtydd om at svaret på dei spørsmåla vil kunne gje oss frimod og ny kraft til også å vere kyrkje her heime.

*Ingvald Andersen Frøyen
Rådgjevar i NMS- Global*



Inga Ragnhild Haugland – snart 100 år – frå Hatløy

Den 30.juli er det heile hundre år sidan Inga Ragnhild Haugland vart fødd på Hatløy, den vesle øya vest om Skivneset, ytst i Hyllestad kommune. I dag bur ho på Brekke Bu – og Omsorgssenter. Sidan presten i Hyllestad og har hatt teneste i Brekke, og på senteret, og Inga delte minner frå barndom og oppvekst, fekk han lov av familien til å dele litt av dette med lesarane av kyrkjelydsbladet. Det er ei interessant historie, som naturleg nok få kan fortelje om i dag. Inga seier og at dagane skiftar, men denne første laurdagen i februar eg møter henne, er forma god. Ho sit fint pynta, har fått øyrettelefonar som skal hjelpe på hørselen, og snart kjem minna frå ei svunnen tid.

Fødd ein varm sommerdag

Inga fortel at ho vart fødd ein varm og flott sommardag på Hatløy. Ho var den nest yngste av 7 born til Matias og Oline Hatløy (mor frå Lutentun). Farbroren Karl Johan hjelpte til å ro så jordmor kom på plass. «Eg var stor; heile 17 merke» fortel ho. (det tilsvarar 4250 g). «Hine var ute og slo denne fine dagen», har ho fått fortalt.

Enkle, men gode kår

Inga fortel om ein god oppvekst, men eit slit for føda. Dei hadde 2 kyr, nokre «ungbest» og sauer, Slik vart det eit sjølvhushald. Fiske var likevel det aller viktigaste. Inga hugsar dei levande fiskane som låg i kassar ute i sjøen. Det var stas når det kom båt og henta fisken, og far kunne få betaling,



så dei kunne kjøpe anna som trongst. Det var mykje torsk, pal og lyr den gongen! Far sette og line, og då fekk dei gjerne brosmes og lange. Eit artig minne for Inga er når dei fann måseegg og terneegg, og kokte dei. Det var god mat! Ei lita «attåtnæring» som dei hadde på bruket, var å passe fyrlykta som stod på ein holme utanfor. Dei kalla det Søreskjæret. Det må truleg vere det som bygdeboka fortel om, er Sakris skjæret, og ei fyrlykt kom der i 1914. (Øya vert jo gjerne i dag kalla Sakrisøy etter gjestgjevaren i Korssund, Sakarias Beck, som frå 1600-talet brukte øya til beite. Folket som har namnet sitt herfrå skriv seg for Hatløy). Inga har minne frå turar med far frå då ho var heilt lita, for å passe fyrlykta; fylle olje på den. Det kunne blåse og vere kaldt mange gonger, men minna sit godt att. Mor såg ho fraus

då ho kom att, så ho fekk gjerne noko å varme seg på. Skulegangen hadde Inga og søskena på Skivneset. Ho fortel at dei hadde skule 14 dagar i strekk, og budde då på ein gard der i vekene

Konfirmasjon, kyrkjegang og kristen tru

Eit kjærte minne frå oppveksten for Inga er at far song gjerne når han arbeidde; når han sat i båten og rodde kunne songar og salmar komme lett. Kvar søndag var det andakt; og ein las frå ein stor Bibel. Eit spesielt minne frå kvar jul var at natt til 1.juledag skulle det store lyset på bordet brenne heile natta. (Til minne om Lyset som kom til vår jord). Sidan foreldra låg i stova gjekk det bra. Dei torde å late lyset brenne.

Av og til var dei heilt til kyrkja på Øn. Det var den som brann i 1941, men då var Inga flytta ut. Ho vart konfirmert i Øn kyrkje 18.september 1932 (ho hugsar månaden, men datoen finn eg i kyrkjeboka.). Dei var mange; ja heile 17 konfirmantar; 8 gutar og 9 jenter. Vanlegvis hadde dei undervisninga i kyrkjerommet på Øn. Slik eg forstår Inga hadde dei båt til Sørbovåg, og ein bil henta dei og køyrde dei til kyrkja. Ho kan og hugse at ho somme gonger fekk kjøpe brød og skillingsbolar med heim, noko mor lika godt. Når eg fortel henne at kona mi og eg i dag bur i det huset der bakeriet var, synst ho det er artig å høyre. Ho fortel og at somme gonger overnatta dei i Sørbovåg, hos ei som heitte Johanna Sorebø, og det var ho som hadde Posten den gongen.

Inga synst ho hadde ei fin konfirmasjonstid, og har gode minne frå den. Etter det eg forstår var dei ved nokre høve heilt til Hyllestad og, der dei var samla får heile prestegjeldet. Det var Johan Løken som konfirmerte dei. Han hadde og ei kristen ungdomsforeining i prestegarden på Hyllestad. Frå sjølve konfirmasjonsdagen hugsar ho at dei samla familie og naboar heime, og at dei hadde god mat. Dette og var ein solskinsdag på øya.

Vaksen alder og livskveld

I unge år var Inga i teneste i Hardanger. Ho arbeidde på Vøringsfoss hotell, og hadde også teneste i Bergen. Det var der ho gifte seg med Leif Haugland frå Brekke, og dei busette seg på Haugland. Dei hadde eit gardsbruk og Leif var linjearbeidar.

På bordet til Inga ligg «Fiskernes venn». Ho fortel at Indre sjømannsmisjon var misjonen hennar i mange år. Ho var og engasjert i Ytre Sjømannsmisjon. Det var foreiningar for begge misjonane. Når me er i ferd med å avslutte samtalen, og eg snart må gå, seier ho at kaffi skulle eg ha hatt. Eg fortel at eg skal bort på bedehuset og få graut i ein annan samanheng. «Då må du helse så mykje ti dei på bedehuset,» seier ho. «Der har eg vore mykje, og hadde mange fine stunder». Ho fortel at av og til hadde ho andakt på foreiningane. Me minnest ordet i Joh.1,29: «Sjå Guds lam som ber bort synda i verda». Inga seier at ho er glad for å høyre ordet om Jesus, og kva han gjorde for oss. Ei fin stund er over. Inga er takksam for at eg kom, og eg takkar henne for høve til å få gje dette vidare til lesarane av kyrkjelydsbladet.

Audun Systad

Tilrettelegging for vigsl av likekjønna par i Sunnfjord

Kyrkjemøtet i Trondheim januar 2017 har gjort vedtak om innføring av liturgi for vigsel av likekjønna par i tillegg til gjeldande ordning for inngåing av ekteskap i Den norske kyrkja. Begge liturgiane skal vere tilgjengelege i alle kyrkjer. Biskopen i Bjørgvin skriv innleiingsvis i brev til medarbeidarane i Bjørgvin: «Etter Kyrkjemøtet sitt vedtak i saka om likekjønna vigsel er det mange som gler seg, og mange som sørger. For eigen del trur eg vedtaket som vart fatta er det beste vi kunne få, gitt det fleirtalet som Kyrkjemøtet no har. Her vert begge partar sikra fridom til å følgje si overtyding både i liturgisk praksis, undervisning og forkynning. Som biskop vil eg gjere det eg kan for å forsvare denne fridomen for alle kyrkjelege tilsette i Bjørgvin.»

Prosten i Sunnfjord følgjer opp

vedtaket på Kyrkjemøtet med både å legge til rette for vigsel av likekjønna par og sikre at dei kyrkjelege tilsette kan følgje si overtyding i synet på ekteskapet i liturgisk praksis, undervisning og forkynning. Eg har møtt dei kyrkjelege tilsette i alle 9 kyrkjekontora i Sunnfjord prosti til samtale om endringar ved vigsel etter 1. februar 2017. Likekjønna par som ønskjer å inngå ekteskap i Den norske kyrkja, melder frå til kyrkjekontoret lokal på vanleg måte. Prosten og kyrkjevevja lokalt har ansvar for å fordele arbeidet eller ordne med vikar, dersom det er nødvendig. Samtalene så langt tyder på at det vil gå greitt å legge til rette for vigsel av likekjønna par i Sunnfjord og at det er god vilje til å gje rom for ulike syn på ekteskapet.

Reidar Knapstad

Prosten i Sunnfjord

FLOTT NYÅRSKONSERT I HYLLESTAD KYRKJE

22. januar arrangerte Norges Korforbund Sogn og Fjordane i samarbeid med Fjordklang ein fantastisk konsert med variert repertoar. 6 medverkande kor: KUL koret frå Kyrkjebø, DeKor frå Dale, Fure og Våge Songlag, Sande Blandakor og Viksdalskoret, tilsaman oml.120 songarar. Det vart ei fullsett Hyllestad kyrkje som fekk oppleve korsong av topp kvalitet. Ikkje minst vart det mektig når alle kora stilte opp og song saman. Inntekta frå konserten gjekk til "Røde Kors". Takk for ein flott konsert.



Kirsten Systad: energisk styrar sluttar på Alværa



Har du vore på Alværa? Då er sjansen for at du har møtt Kirsten Systad veldig stor. I meir enn 25 år har ho dag etter dag, veke etter veke, køyrt dei ca 26 km frå Systad på Afjorddalen til Alværa Misjonsenter. Der legg ho til rette for at andre skal føle seg velkomne og ha eit godt opphald.

Kirsten har vore tilsett på Alværa i 2 periodar. I 8 år, frå 1. mai 1989, var ho husmor i 50% stilling. Etter 3 ½ års pause, vart ho styrar i full stilling, i 2001. No står det berre att nokre veker, før ho har sin siste arbeidsdag på Senteret, i alle fall i løna stilling.

- Kva gjer ein styrar på Alværa?

- Det er mykje ulikt. Jobben er veldig variert. Det er ein god del planlegging. Mat og anna utstyr må bestillast. Det er mykje praktisk arbeid; både med matlaging, vasking av fellesrom og soveromsfløy, klesvask og rulling av klede. I tillegg er det ein del kontorarbeid. Eg har likt jobben, Alværa er ein god arbeidsplass. Det er nok det praktiske eg trivst best med.

Kontorarbeidet har nok gitt meg ein del utfordringar.

- Ja, kva har vore utfordringa med kontorjobben?

- Spesielt i det siste har det vore mange endringar. Det vert mykje data, noko som eg i utgangspunktet ikkje kunne så mykje av. I løpet av tida eg har vore styrar, har det vore fleire omleggingar av økonomisystemet. Det har vore slitsamt kvar gong, og særleg denne siste gongen. I tillegg vert det stadig nye ting vi vert pålagt å følge opp. Då eg byrja å jobbe her, var det Alværastyret og NMS Region Bjørgvin som «bestemte». No er det eit felles styre for alle leirstadane til NMS (dei som eig Alværa) som har det overordna ansvaret. Det er mykje positivt med det, men når alle leirstadar skal behandlast likt og ha dei same rutinane, ser eg at ikkje alt høver her.

Ein heilt annan ting. Eg vil gjerne nemne at vi som er tilsette ved desse leirstadane samlast 2 gonger i året. Det er til stor inspirasjon. Samlingane går på omgang mellom leirstadane. Det var veldig hyggeleg då alle var samla på Alværa og eg kunne få vise fram «min» leirstad.

-Kva er største forskjellen på å jobbe på Alværa i 1989 og i 2017?

- Den gongen var vi fleire tilsette. No er eg stort sett åleine. I tillegg til meg er det tilsett ein vaktmester i 20% stilling. Dessutan jobbar nokre på timebasis. Andre igjen jobbar dugnad.

Av og til har eg lurt på kva gjorde vi egentleg då vi var 3 tilsette. Vi bakte nok meir,



kjøkkenet var også meir tungrodd – no har vi både convectionovn og varmeskap som forenkler matlaginga. Den gongen var det mindre helgejobbing..

- Kvifor valde du å jobbe på Alværa?

-Eg har aldri søkt jobb her. Begge gonger vart eg kontakta og oppmoda om å søke/gå inn i ei ledig stilling. Det var ikkje vanskeleg å seie ja – då eg alltid har likt å jobbe på storkjøkken.

- Kva tenkjer du om framtida til Alværa?

- Det er viktig at folk framleis brukar Alværa, gjerne meir enn i dag. Enda fleire born og unge må få oppleve og få erfaring med leir, for dei som kjem her får informasjon om misjon, men også åndeleg påfyll. Det bør også ei oppgradering til – spesielt inne.

- Kva har Alværa betydd for deg?

- Mykje. Eg har fått eit eigarforhold til staden. Her vert eg kjent med nye folk og her har eg fått gode tilbakemeldingar frå dei som kjem.

-Har du nokre høgdepunkt frå alle desse åra her?

- Adventsfesten og Alværamessa

er 2 årlege høgdepunkt. Det er kjekt å sjå Senteret bli fylt med festkledd folk. Det er også alltid hyggeleg når born og unge kjem og takkar for maten. Det set eg pris på.

-Kva skal du gjere no?

-Eg skal bli pensjonist. Eg flyttar tilbake til heimbygda mi, Fitjar, etter 43 år i Hyllestad. Då skal eg gifte meg med Endre Inge, som bur der sør. Eg ser fram til ei rolegare tid med meir tid til barnborn. Vi vil også reise litt. Eg må jo innrømme at det har vore slitsamt med all helgejobbinga. Men eg er ikkje ferdig med Alværa. Eg kjem nok tilbake, kanskje på adventsfest og Alværamesse. Dessutan har eg familie i Hyllestad. Så neste gong du kjem til Alværa, er det nok ikkje den arbeidssame og effektive Kirsten som ønskjer deg velkommen og som har lagt til rette for at du skal få eit godt opphald.



Vi takkar for praten og nytter høvet til å takke Kirsten for alt det ho har gjort for at Alværa er den staden den er i dag og for måten ho har tatt imot alle som kjem dit på. Lukke til og Guds signing over vegen vidare.

Toril Lange

Vedlikehald på kyrkjegardane

– vårt ansvar

Vi prøver å ha så bra vedlikehald vi kan på kyrkjegardane i Hyllestad utifrå dei ressursane vi har. Tilbakemeldingane er stort sett bra. Vi er glade for at mange er svært flinke til å stelle gravene sine. Dersom du er i tvil om kva plikter du, som er ansvarleg for grava har, så ta kontakt med Aslak Åm Sognnes.

– ditt ansvar

Her viser vi til Lokale gravplassvedtekter §5 Plantefelt, §6 Plantemateriale og §7 Stell av grav. Det er reglar om storleik, både på plantefelt og plantar. Det er ikkje krav om plantefelt dersom du ikkje ønskjer det. Graver/plantefelt som ikkje vert stelte vert tilsådd utan nærare varsel. Vi har dessverre pr. i dag ikkje kjeldesortering, men vi har ein bossdunk på kvar gravplass. Her SKAL du plassere restavfallet! I sesongen kan du oppleve at bossdunken er for liten, då ber vi deg om å ta med deg avfallet ditt heim, i staden for å plassere det tilfeldig inne på, eller utanfor gravplassen! Tusen takk for hjelpa!

OPPRETTING, OPPUSSING OG INNHOGGING AV NAMN PÅ GRAVMINNE

§26. *Ansvar Eieren er ansvarlig for at gravminne ikke er i forfall, til sjenanse eller til fare for dem som ferdes på gravplassen. Gravplassforskriften.*

Oppretting

Når gravminnet står skeivt er det du, som er ansvarleg for grava, som skal rette opp gravminnet

Oppussing og innhogging av namn

Er ikkje skrifta på gravminnet godt leseleg, er gravminnet i forfall og dette må rettast på. Hyllestad sokneråd formidlar oppussing av skrifta og påføring/

innhogging av nye namn på gravminne. Ta kontakt med Aslak, og på denne måten er du med å støtte den lokale kyrkja. Ver merksam på at i samband med innhogging av namnet frå grava ved sida av, er festar ansvarleg for at gravminnet vert sentrert mellom gravene.

RYDDING PÅ GRAVA ETTER GRAVFERDA

Nokre pårørande ønskjer sjølve å rydde bort visne blomar frå grava etter ei gravferd. Dette som ein del av sorgprosessen. Ver venleg å ta kontakt med oss dersom du vil at vi skal ta oss av ryddinga.

OPPSETJING AV GRAVMINNE

§4 *Grav og gravminne andre ledd Montering av godkjent gravminne kan skje på tilvist plass når jordmassane har sett seg etter oppgraving, normalt etter 6 måneder. (Kyrkjeg.vedt)*
§ 25 *Godkjenning. Kirkelig fellesråd skal godkjenne gravminne og fundament før det settes opp på kirkegården. Gravminne skal monteres på anvist plass. (Forskrifter til GL)*

Vi opplever stadig at eit gravminne vert sett opp på kyrkjegarden utan at vi veit kven som har sett det opp. Ver merksam på at vi **alltid** skal ha melding før eit gravminne vert sett opp på gravplassen. Det er den som er ansvarleg for grava sitt ansvar, sjølv om det er andre som set opp minnet for vedkomande. Retningslinjer for korleis minnet skal fundamenterast får ein på kyrkjekontoret. Ver elles merksam på at den som er ansvarleg for grava / den som set opp gravminnet, er ansvarleg for at trekrossen med namn på avdøde vert fjerna og ikkje ligg og sleng på kyrkjegarden.

Ny medlemsportal for Den norske kyrkja

No kan du logge deg inn gjennom id-porten for å sjekke om du står oppført i medlemsregisteret til Den norske kyrkja.

- Med 3,8 millionar medlemer treng kyrkja enkle og gode ordningar for å halda medlemsregisteret ajour. Derfor har Kyrkjerådet no lagt til rette for at den einskilde sjølv kan nytte bank-id eller annan elektronisk identifikasjon og rette feil direkte i databasen til medlemsregisteret. Gjennom id-porten er det opna både for innmelding i og utmelding av kyrkja, seier direktøren i Kyrkjerådet, Jens-Petter Johnsen.

For å bli registrert som medlem av Den norske kyrkja må ein vere døpt. Viss du ynskjer å bli medlem av Den norske kyrkja, men ikkje er døpt, bør du ta kontakt med presten i kyrkjelyden der du bur.

I fleire år har kyrkja møtt kritikk for feil og manglar i medlemsregisteret og det er framleis nokre feil i medlemsregisteret. Nylege endringar i kyrkjelov og forskrift om innmelding i og utmelding av Den norske kyrkja er i hovudsak gjort med tanke på innføring av nettbasert løysing for inn- og utmelding.

Løysinga gjev brukaren dokumentasjon på dei elektroniske handlingane gjennom attestar som ein kan lagre eller skrive ut. Samstundes blir det sendt melding til det aktuelle soknet om dei innmeldingane og utmeldingane som er gjort gjennom id-porten. Den tekniske tryggleiken rundt id-porten tilfredsstiller krava til trygg handsaming av personsensitive opplysningar.

Den nye løysinga er eit supplement til andre måtar å melde seg inn i eller ut av kyrkja på. Dette vil seie at folk framleis kan sende førespurnad om utmelding til det lokale kyrkjelydskontoret, og desse blir handsama på same måte som tidlegare.

Du finn innlogginga til id-porten her:

www.kyrkja.no/medlem

KONSEKVENSAV UTMELDING

Den som melder seg ut av kyrkja, har rett til informasjon om kva som følgjer av utmeldinga. Ein mister både kyrkjelege rettar og plikter.

Kyrkja si oppgåve

Kyrkja si oppgåve er å bringe budskapet om Jesus Kristus som verdas Frelsar til alle menneske, utan omsyn til dei motiva folk har for å søkje seg til kyrkja sine tenester. Bispedøma, prostia og sokna (= kyrkjelydane) er geografiske einingar som dekkjer heile landet. Alle innbyggjarane i Noreg bur dermed i eit av Den norske kyrkja sine sokn. Den norske kyrkja vender seg til heile befolkninga. Også utmelde og andre som ikkje er medlemer i Den norske kyrkja, er velkomne til kyrkja sine gudstenester og andre arrangement.

Dåp

Dåp er ei kyrkjeleg handling. Foreldre som er utmelde, kan ikkje utan vidare krevja å få sine barn døpte. Barnedåp føreset at barna får oppseding i den kristne trua. Dersom foreldre som står utanfor kyrkja, likevel ønskjer at barnet skal få ei kristen oppseding, kan barnet bli døpt etter

nærare avtale med presten. Ein føreset at barn som gjennom dåpen er blitt medlem av Den norske kyrkja, tar del i dåpsopplæringa i kyrkja.

Konfirmasjon

Konfirmasjon byggjer på at konfirmanden er døpt i Den norske kyrkja eller i eit anna kristent trussamfunn. Udøpte kan delta i konfirmasjonsførebuvingane, men kan ikkje delta ved forbønshandlinga på konfirmasjonsdagen. Stadig fleire unge, og vaksne, blir døpte i samband med konfirmasjonen. Talet på vaksendøpte er stigande i dei fleste folkekyrkjene i Europa.

Kan eg gifte meg i kyrkja om eg melder meg ut?

Ikkje nødvendigvis. Kyrkjeleg vigsel kan ein ikkje krevje om ingen av brurefolka høyrer til Den norske kyrkja. At ein av brudefolka er medlem vil normalt vere tilstrekkeleg for at vigsel kan skje i kyrkja.

Kan eg vere fadder om eg ikkje er medlem?

Fadder kan normalt berre den vere som er medlem av Den norske kyrkja. Ein fadder tek på seg viktige oppgåver når det gjeld den kristelege oppsedinga av den døpte. Som fadder kan ein likevel velje personar som er medlem av eit anna kristent trussamfunn og som ikkje forkastar barnedåpen. Ein fadder skal kunne stadfeste at barnet er døpt, og blir ikkje sletta frå dåpsregisteret i kyrkjeboka sjølv om han/ho melder seg ut av kyrkja.

Kan eg gravleggjast av prest i Den norske kyrkja om eg ikkje er medlem?

Kyrkjeleg gravferd blir som regel ikkje gjennomført når

Kjekt besøk frå India

For ei kyrkje som ligg tett ved fjorden, slik Bø kyrkje gjer det, og som i tillegg har skipsverftet Havyard som næraste nabo, kan spennande ting skje! Rett etter gudstenesta i Bø kyrkje søndag 5.februar kom det inn ein mann og sette seg langt bak i kyrkja. Han var med på kyrkjekaffien, og fortalte at han låg med båten sin ved Havyard. Han var kaptein, i 40-årsalderen, og kom frå millionbyen Bombay i India. Der gjekk han i ei katolsk kyrkje saman med familien. No hadde dei lite oppdrag, og han låg til kai saman med besetningen på fem, og dei venta på oppdrag. Då kyrkjeklokkene ringde, skunda han seg bort, for han ville gjerne oppleve fellesskapet i ei gudsteneste. I dei neste vekene som følgde, var han med på i alt 4 gudstenester rundt omkring i Hyllestad. Han vart kjend med fleire i kyrkjelyden, og hadde og ei lita helsing



då det var gudsteneste med tårnagentar i Hyllestad. Saman med prest Audun var han og til Eivindvik på ei gudsteneste der. På ferja Lavik-Oppedal, fekk han helse på kapteinen og vere saman med han på brua. Eit kjekt møte. Han inviterte Audun til båten på Havyard, og der fekk han ei fin omvising. Ei litt artig forteljing om band som vert knytta på tvers av

kontinent, og at felleskapen slik ikkje kjenner nokon grenser. I byrjinga av mars drog Moses John Dsouza, som namnet til den indiske kapteinen er, vidare med fly til Brasil. Han skulle føre ein båt først til Las Palmas, og vidare med retning India. Han hadde vore ved Havyard før, og kom nok attende, trudde han. Då ville han på ny besøke kyrkjene i Hyllestad!

avdøde har stått utanfor kyrkja. Dersom dei næraste pårørande ønskjer kyrkjeleg medverknad ved gravferda, har presten likevel høve til å forrette kyrkjeleg gravferd. Det vil i sofall verta fakturert for leige av kyrkja, og evt. organist

Kan eg nytte kyrkja som seremonistad til gravferd om eg ikkje er medlem i Den norske kyrkja?

Ja, andre kristne kan be om å få leige kyrkja dersom seremonien blir leia av ein pastor eller forstander i eit anna kyrkjesamfunn. Det vil i sofall verta fakturert for leige av kyrkja, og evt. organist. Dersom gravferda ikkje blir forretta etter eit kristent ritual, kan ein ikkje bruke kyrkjerommet.

Kan eg melde meg inn att i Den norske kyrkja seinare om eg har meldt meg ut?

Det er fullt ut mogleg å melde seg inn att i kyrkja, og det er dessutan mogleg for folk som før ikkje har vore medlem å melde seg inn. Har du hatt kristen dåp som barn eller vaksen, vil du ikkje bli døypt på nytt når du melder deg inn.

Kan eg røyste i kyrkjevalet når eg ikkje er medlem?

Nei, røysterett ved kyrkjelege val har berre medlemmane i kyrkja. Utmelde kan ikkje delta ved soknerådsval eller røyste på soknemøtet.

Det er berre medlemmer som kan ta på seg kyrkjelege verv. Utmelde kan ikkje bli valde inn i sokneråd, bispedømmeråd, o.l.

Kyrkjelege stillingar må ein vera kyrkjemedlem for å inneha. Det gjeld ikkje berre prestestillingar, men òg organistar, kyrkjetenarar, kyrkjevevjer osv.

Dei borgarlege rettane blir ikkje rørte ved inn- eller utmelding av Den norske kyrkja.

Økonomisk har kyrkjemedlemskapen ingen personlege følgjer. Det er ikkje eigen kyrkjeskatt i Noreg. Alle registrerte trus- og livssynssamfunn mottek støtte pr. medlem frå stat og kommune tilsvarende løyvingane til Den norske kyrkja pr. medlem.

Innhaldsrik tur til Wittenberg – reformasjonsjubileum

I julenummeret av kyrkjelydsbladet har biskopen vår skrive innhaldsrike ord om arven frå Martin Luther. I år feirar me 500-årsjubileum for reformasjonen. Det vil vi også her lokalt i Hyllestad setje fokus på, spesielt til hausten . Personleg synst eg arven frå Luther er spesielt viktig når det gjeld å peike på det Jesus Kristus har gjort for oss. At frelsa vår ikkje kjem av eigne gjerningar, men Jesu gjerning for oss på krossen. Biletet eg tok i Stadtkircke i Wittenberg, får det fram på ein fin måte. (teke september 2016) Der preika Luther i mange år. Vi ser han peikar på den krossfeste Kristus, og i det ligg og vår oppgåve i dag som prest og kyrkjelyd. Han er sentrum for trua vår!



Godt er det og å lese det biskopen skriv om kva betydning evangeliet og nåden har for menneske i vår tid, der vi ofte prøver å vere «vår eigen lykkes smed». Guds ord har mykje å seie oss inn i den tida vi lever i!

Så nemner biskopen at ikkje alt var like godt med Luther heller! Dei siste åra hadde han nokre svært uheldige utfall mot jødane, som kjem til å bli mykje beklaga spesielt i Tyskland ved

reformasjonsjubileet.

Etter turen til Wittenberg måtte kvar av oss skrive ei oppgåve, eller eit refleksjonsnotat. Sjølv valde eg å skrive nett om dette, fordi det har oppteke meg i lang tid. Notatet heitte: «LUTHER OG JØDANE-HISTORISKE OG AKTUELLE UTBLIKK». Om nokon skulle vere interesserte i å lese det eg skreiv, må de gjerne ta kontakt.

Audun Systad

Markering av reformasjonsjubileet i Hyllestad til hausten

Noko av dei gode fruktene frå reformasjonen, er at Luther framheva arbeidet som eit kall frå Gud. Han fekk og fram det viktige ved at lekfolk engjaser seg. Mange meiner at dette også er litt av løyndomen bak at det har gått så godt økonomisk for dei nordiske landa som har hatt protestantisk kristendom og kyrkje. I eit foredrag på Skifjord grendahus i november 2016, var til dømes professor Frank Aarebrot inne på dette.

Ein «gründar» som ikkje minst har engasjert seg for arbeidsplassar her i Hyllestad, er skipsreiar og tidlegare stortingsrepresentant Per Sævik, eigar av Havyard. Han har ikkje minst lagt vekt på inspirasjonen frå Hans Nielsen Hauge. «*Hauges tanker stod sentralt i etableringen av det moderne Norge. Hans etterfølgere var aktive samfunnsbyggere, politikere og næringslivsledere. De var pionerer innen demokrati, rettsikkerhet,*

rettstat, liberalisme, arbeidervelferd, folkeopplysning, bedriftsetablering og sosiale reformer. De var mot sentralisering, offentlig pengesløseri, embetsvelde, privilegier og politiske og religiøse tvangssystemer.

(sitat frå professor
Ola Honningdal Grytten, NHH)

Som ei markering av reformasjonsjubileet her i Hyllestad, er det då kjekt å melde at

**PER SÆVIK KJEM TIL HYLLESTAD
KYRKJE SØNDAG 29.OKTOBER KL.15.
Song av «Fjordklang».**

Arrangørarar:

Hyllestad sokneråd og
Hyllestad folkeakademi

Frå årsrapport for 2016 - Hyllestad sokn

Barne – og ungdomsarbeid

Det er mykje spennande som skjer i det viktige arbeidet med å legge til rette for at born og unge skal få leva og veksa i den kristne trua. Borna vert invitert til ulike trusopplæringstiltak og for ungdomane er det konfirmantopplegg og Ungdomsklubben «Solution.» Soknet har godkjent trusopplæringsplan frå 16.01.2013 som vi delvis gjennomfører. Mange av trusopplæringstiltaka i planen er knytt opp mot gudsteneste.

Følgjande trusopplæringstiltak frå planen er gjennomført i 2016

4 årssamling og hausttakkefest med utdeling av Mi kyrkjebok 4. 3 av 4 inviterte born var med på 1 eller begge samlingane.



5-årssamling med kyrkjerottefilm og lego: Dette året var det berre 2 kyrkjerottesamlingar mot 3 tidlegare år. I tillegg var det diplomutdeling på familiegudsteneste/lysvaken-gudstenesta i november. 6 born var med på 1 eller fleire samlingar. Det var lettare å få med borna/foreldre når det berre var 2 samlingar i løpet av 2-3 veker.

«Førsteklasses» - er samling ein ettermiddag og familiegudsteneste med utdeling av Mi kyrkjebok 6. 6 «førsteklasses» born var med.

Barnegudsteneste er ei kvardagsgudsteneste tilpassa dei yngste borna. Alle som var inviterte til 4-, 5- eller førsteklasses-samling hausten 2015, fekk i januar ein spesiell invitasjon til barnegudsteneste ein onsdagsettermiddag. Gudsteneste varte ca 30 min. Songar og tekstar var henta frå Mi kyrkjebok 4 og 6. Vi avslutta med å ete kvelds i lag. 5 av dei spesielt inviterte kom, i tillegg kom det søsken og nokre foreldre, besteforeldre.

Tårnagenthelg med samling i Øn kyrkje på laurdag og tårnagentgudsteneste i Hyllestad kyrkje søndag. Dette var andre gong ein hadde tårnagenthelg for 2 årskull, og dette fungerer veldig bra. Dvs. at alle får no høve til å vere tårnagentar både i 3. og i 4. klasse. Laurdag var ein i Øn kyrkje, sidan det der er lov å gå opp i kyrkjetårnet. Tårnagentgudstenesta var i Hyllestad kyrkja sidan det der er enklare med kyrkjekaffi og det tekniske. Mange foreldre bidrog på ulike måtar og var med å gjere helga til ei god oppleving. Takk!

Bibelutdeling var på gudsteneste i samband med oppstart av minikonfirmantar. 12 biblar vart utdelt på gudstenesta, dessutan 3 på minikonfirmantsamling seinare.

Minikonfirmantopplegget for 10/11-åringar(5. klasse) er: presentasjon på gudsteneste m/bibelutdeling, 4 samlingar i Hyllestad kyrkje rett etter skuletid onsdagar,



weekend og gudsteneste med diplomutdeling. På weekenden i april var ein saman med minikonfirmantar frå Høyanger, Gulen og Solund. 15 av 16 inviterte var med på minikonfirmantopplegget. Det var ein fantastisk minikonfirmantgjeng.



LysVaken vart avlyst hausten 2015. Difor fekk både 6. – og 7. klassingar høve til å vere med på LysVaken denne gongen. 15 takka ja. Mange bidrog til at det vart ei kjekt døgn i kyrkja. Men som alltid var det vanskeleg med nattevakter.

I tillegg til tiltaka i trusopplæringsplanen, kan ein nemne: Det er no bestemt at **5.-7. klasseklubben** er nedlagt. Klubben vart starta hausten 2003 og hadde si siste samling våren 2015. Ei stund var det 2 klubbar – ein for 5.-7. klasse og ein ungdomsklubb. Mange har vore innom klubben i løpet av desse åra

Trusopplæringsutval

I juni oppretta soknerådet eit trusopplæringsutval (TOL) for Hyllestad sokn. Med i utvalet er Unni Systaddal, Liv Kirsten Mjell Hofsvik, Anfrid Misje Åsmul, Kari Systad og kyrkjelydspedagog Toril Lange. Utvalet har hatt 1 møte der ein først og fremst såg på tiltaka som var i gang og kva ein vil invitere til i 2016/2017. Det er no 4 år sidan trusopplæringsplanen vart vedteken. Ei viktig oppgåve for TOL er å justere og eventuelt revidere planen. Ein må også sjå på kva som fungerer og kva ein ikkje får til fordi føresetnadane har endra seg.

Hyllestad kyrkje er ein god stad å ha samlingar. Born, unge og foreldre trivst godt der og dei føler seg heime i kyrkja. Multimediaanlegget lettår arbeidet mykje. Kyrkja er god til mange ulike aktivitetar. Her kan vi ete, sove, leike, sjå film, be og ha gudsteneste.

I kyrkjelyden er det nokre eldsjeler med omsyn til trusopplæring – ei stor takk til dykk. I tillegg er det mange positive og viljuge foreldre som stiller opp på einskildtiltak når borna deira er med. Takk også til konfirmentar som har vore med som ungdomsleiarar på nokre av arrangementa. De gjer ein flott og viktig jobb!

Vegen vidare:

For at ein skal lukkast vidare med det viktige og spennande arbeidet, så er fleire medarbeidarar og fleire med eigarforhold til trusopplæringsplanen ein føresetnad.

Konfirmasjonsundervisning

I 2016 var det konfirmasjonsgudstenester i alle dei tre kyrkjene i soknet. Det er god oppslutning om



kyrkjeleg konfirmasjon i Hyllestad.

Ein har vidareført samarbeidet med Lavik, med undervisning i Hyllestad kyrkje annankvar torsdag. Denne kyrkja er særst godt eigna, sidan det er enkelt å flytte stolar. I løpet av året har ein bytt opplegg frå «Følg meg» til opplegget «Delta» som IKO gjev ut. Ein har freista ta med styrken frå det første opplegget, med mykje gruppearbeid, inn i det nye opplegget, der det er gode hjelpemidlar for undervisning på skjermen i kyrkja. Det er eit opplegg som har ei moderne form med artige filmsnuttar i kvar samling. Kvar samling tek til med opning og avslutning kring lysgloben.

I 2016 var det og ein vellukka leir på Alværa, saman med Balestrand og Bjordal. I oktober var det nattcup i Førde. Kullet 2016/2017 oppnådde denne hausten å vinne heile

turneringa i guteklassen, noko som naturleg nok var ei bragd for ein såpass liten stad. Pokalen står på kyrkjekontoret. Hausten 2016 starta i alt 25 konfirmentar undervisning, av dei 18 frå Hyllestad. I tillegg til sokneprest i Hyllestad, er sokneprest i Lavik, Andreas Ester, trusopplærar Toril Lange og dei to frivillige medarbeidarane frå Hyllestad, Kirsten Gravdal Ryland og Linda Ølmheim, med. Det at ein er eit såpass stort konfirmentteam, gjer at det ikkje er fullt så sårbart om nokon av og til ikkje har høve å vere med. Det at ein kan spele på dei ulike gåvene den einskilde leiar har, er og viktig. Kullet 2015/2016 hadde mange evner knytt til song- og musikk. På temagudstenesta 17. april i Hyllestad kyrkje, kom dette fram på ein flott måte, med tema om «Kjærleik». Deltakinga i ord og tonar vart sett stor pris på.



GUDSTENESTELIV – SAMARBEID SKULE-KYRKJE – EIKLUND HYLLESTAD OMSORGSSENTER

Gudstenester

	2013	2014	2015	2016
Gudstenester – totalt i Hyllestad sokn inkl. kvardagsgudst, barne og skulegudst.	60	53	50	56
Frammøte totalt	3037	2915	3086	2979

Livsriter

	2013	2014	2015	2016
Dåp	9	11	14	9
Dåp - busette i Hyllestad	9	10	8	7
Konfirmant	21	20	18	18
Vigsel	1	1	3	3
Gravferd	17	19	16	10

Tala syner stabilitet – lite variasjon dei siste fire åra. Dette med unnatak av gravferder. Det er lenge sidan det har vore så få som dette året.

Gudstenesteliv i Hyllestad

Det var litt fleire gudstenester i 2016 (56) enn i 2015 (50). I desse tala er det då og rekna med gudstenester utanom høgmessa. Likevel syner tala for frammøtet at det har gått litt ned.(Frå 3086 til 2979) I 2016 hadde ein eit jamnt år, men til dømes færre dåpar kan ha virka inn på frammøtet.(i 2015 hadde ein og avskilsgudst. For Ole Agnar, samt velkomstgudst. for Audun. red.mrk.) Samstundes viser statistikken at talet på nattverdsgjester har auka. Det er gledeleg. Gledeleg er og at det har komme meir inn i takkoffer. Frammøte på julaftangudstenestene var og noko høgare i 2016 (241), enn 2015 (222)

Tid for tru

Noko som gjer at talet på gudstenester auka, var at ein året 2016 hadde i alt fem Tid for tru –kveldar i Hyllestad kyrkje. Dei var alle

på torsdagskveldar, og talde med som gudstenester. Dette var trusopplæring for vaksne med liturgisk opning og avslutning. Soknepresten var ansvarleg. Det var og sosialt samvær med god mat, med fleire frivillige medarbeidarar som gjorde ein framifrå jobb. På den måten hadde samlinga og eit diakonalt aspekt. Desse samlingane vart godt mottekne, og dei vart avslutta om våren. Biskopen har tala varmt om slike samlingar i kyrkjelydane. På siste Tid-for tru-samlinga snakka ein om vegen vidare. Det vart uttrykt ønskje om fleire liknande samlingar, og også samlingar med song- og musikk ville ein prioritere,. På hausten var det eit par songgudstenester, med fleire som var involverte både med song og diktlesing. Håkon Giil hadde ansvar for ein Matias Orheim-kveld i Bø kyrkje.

Bønesamlingar

Samlingar med bøn vart og etterspurt , og i mai starta ein opp med bønesamlingar, med song og samtale i Hyllestad kyrkje onsdagskveldar. Her har det vore varierende frammøte, men ofte ein trufast flokk som har samlast. Det er verdifullt for

ein kyrkjelyd å ha nokon som prioriterer å be for arbeidet!

Involvering

Det er elles rett å seie at i 2016 har arbeidet med involvering i gudstenestearbeidet fortsett. Konfirmantane har i aukande grad vorte nytta som kyrkjevartar.

Det har ofte vore med nokon som har sunge eller spela instrument i gudstenestene. Koret «Fjordklang» har medverka, både på 17.mai, lysmessa og julekonsert. «Balsam» var på ny med Helgemessesøndag med «Sommerlandet». Dei musikalske innslaga gjer gudstenestene rikare! Som det er nemnt tidlegare i årsrapportane , er satsinga i høve til trusopplæring ei viktig årsak til gudstenesteframmøte i Hyllestad dei siste åra. Det er flott at desse tiltaka vert knytt til gudstenestefeiring. Ikkje sjeldan er det og bønnevandring ved slike gudstenester, og det er med og aktivisere kyrkjelyden på ein fin måte. Foreldre og familie er flinke til å vere med borna på slike gudstenester. Skulle ein komme med ei utfordring; måtte det bli at det er viktig at kyrkjelyden elles sluttar opp om desse gudstenestene, slik at dei som er i dei aktuelle fasane kan møte ein levande og aktiv kyrkjelyd, og at ein får lyst å vere ein del av den! Å vere med og gjere einskildmenneske, både born, unge og vaksne, meir medvitne på eigne nådegåver og naturgåver, er ei viktig oppgåve framover for kyrkjelyden. Samstundes som det er flest gudstenester i Hyllestad, så freistar ein å halde på talet på gudstenester i Øn og Bø slik som dei siste åra.. Framover bør

det arbeidast målmedvite med ei fornying av gudstenestelivet, samstundes som ein tek vare på lokal tilknytning og historie. I løpet av året vedtok gudsteneste – og diakoniutvalet at det i dei fleste gudstenester skal vere kyrkjekaffi, gjerne på enkel vis. Erfaringa er at dette har vorte godt motteke.

Samarbeid kyrkje - skule barnehage

Hyllestad kyrkje har ei særskild plassering mellom skulen og barnehagen på Hyllestad. Skule- og barnehagegudstenesta til jul er godt innarbeidd. Barnehagen kombinerte dette med omvising i kyrkja, som var veldig kjekt. På skulegudstenesta var det fin deltaking ved born, både med lesing og musikk. Ein har inntrykk av at familiar med born frå andre kulturar og religionar også prioriterer desse samlingane. Elles er det vanleg fritaksrett.

I 2016 var det og klassar som var på besøk i kyrkja, og presten besøkte einskildklassar på skulen etter ønskje. Mellom anna med sorg og tap som tema

Eiklund – Hyllestad omsorgssenter

Ein til to torsdagar i månaden er det andakt på Eiklund. Ein har ikkje kaffi ved desse samlingane. Frammøte har vore ganske godt, ikkje minst av di mange av dei som no er på omsorgsbustadane deltek. Dei kjem seg lett fram. Organist Erling Akse kjenner mange frå før, og i etterkant av andaktene vert det ofte ei ekstra songstund med forslag frå dei eldre sjølv. På institusjonen som heilskap, er det mange som ikkje er i stand til å komme på andakten. Då er det viktig at dei som ønskjer det, kan få besøk av prest i etterkant. Personalet er

flinke til å formidle det, og det har vore ganske mange slike besøk. Difor har ein no lagt til rette for reine besøksdagar på einskilte torsdagar.

Kjekt er det òg at kvart konfirmantkull pleier å ha eit besøk på Eiklund for året, der dei syng, samtaler og har ei sosial stund med dei eldre. Fleire eldre frå Eiklund møter trufast opp til gudsteneste i Øn kyrkje.



Diakoni

Hyllestad sokn hadde ei stund prostidiakon i samarbeid med andre sokn i ytre Sogn. Samarbeidet tok slutt i februar 2015 då diakonen slutta.

Etter det har diakonale tiltak avrensa seg til konfirmantane sin fasteaksjon, konfirmantane sitt besøk på Eiklund, samt dei faste andaktane på Eiklund omsorgssenter ved prest og organist.

Som det vart nemnt i årsrapporten i fjor har det komme oppmoding frå kyrkja sentralt at ein engasjerer seg i arbeidet med å ta vare på vår nye landsmenn.

I 2016 vart det etablert to statlege mottak i kommunen, eit i Øn og eit i Leirvik. I løpet av året var det eksempel på at nokre av desse ønskte å komme til kyrkja og høyre meir om kristen tru og liv. Dette innebar og noko undervisning. Kjekt var det og at utanlandsk ungdom deltok på ungdomsklubben «Solution». Mottaka var som kjent i drift berre knapt eit år.

Soknepresten var til stades på juleavlutninga for asylantar på Leirvik senter i desember, og hadde ei helsing der. Det er stort behov for meir engasjement på dette feltet.

Misjon

Hyllestad sokn har misjonsprosjekt i Mali knytt til Det Norske Misjonsselskap. Ei trusopplærings-gudsteneste kvart år er også ei misjonsgudsteneste som i år var 16 oktober. I gudstenesta fortalde misjonskonsulent i NMS, Ingvald Andersen Frøyen, som er deltidsmisjonær i Mali. Om arbeidet der. Hyllestad sokn har i kyrkjene teke opp kr 9 925 i offer som er sendt til prosjektet.

Julekonserten, som er eit samarbeidsprosjekt mellom Hyllestad musikkråd og soknerådet, var i år i Øn kyrkje. Konserten vekslar mellom Hyllestad og Øn kyrkje og er eit kjærkome årleg innslag.

Kyrkjeblad – Heimeside – Facebook

Kyrkjebladet kom tidlegare ut med fire nummer i året. Det er arbeidskrevjande å produsere bladet, difor har soknerådet bestemt at vi framover skal kome ut med tre nummer. Hyllestad sokn kommuniserer med innbyggjarane i Hyllestad gjennom kyrkjebladet, heimeside (www.hyllestad.kyrkja.no) og Facebook. (søke på Kyrkja i Hyllestad).

Kyrkjer

Orgla i kyrkjene fekk sårt tiltrengt stemming og litt vedlikehald. Orgelet i Bø kyrkje hadde sju orgelpiper som måtte inn til orgelverkstad i Bergen og bli reparert.

I Bø kyrkje vart eitt vindauge i våpenhuset vølt. Ein liten dugnadsgjeng gjorde ein

innsats med lysekruna og anna før konfirmasjonen i mai.

Bø kyrkje er leigd ut til St. Paul katolske kyrkje i Bergen som har gudstenester i kyrkja. Dette året hadde dei 8 gudstenester.

I Hyllestad kyrkje gjekk safen i vranglås og måtte erstattast med nytt brannsikket skåp. Der fekk vi endeleg på plass eit knefall som par som skal gifte seg og konfirmantar, kan knele på. Døypefonten fekk nytt understell med hjul. Det er no enklare å flytte den fram til midtgangen ved dåp. Eit par skiferheller hadde losna frå tårnet i kyrkja og medførte ein liten lekkasje. Ved hjelp av innleigd lift med mannskap kom hellene på plass att. Vi fekk då teke ei synfaring av tårnet og festa nokre heller som var synleg lause. Dessverre har undertaket ein god del dårleg kvalitet. Det er difor fare for at fleire heller kan losne.

Øn kyrkje fekk vedlikehald på veggen framme i koret, både på utsida og innsida. Området rundt Øn kyrkje fekk eit stort «løft» dette året. Først i byrjinga av april med dugnad i kombinasjon med innleigde folk med utstyr, fekk saga ned og køyrt bort busker og kratt. Seinare, på hausten, fekk vi skifta ut



jorda inntil kyrkja med grus. I samband med arbeidet vart det oppdaga at takvatn hadde samla seg under sakristiet mot vegen. Dette fekk ein leia vekk. Vi fekk tak i ein rimeleg rullestolrampe i strekkmetall som vart montert, då den gamle trerampa var roten. På taket mot parkeringsplassen vart det montert netting/fangar som skal fange opp skiferheller som kan losne frå taket.

Øn kapell har fått «ny» altartavle. Soknerådet takka ja til altartavla frå Sørbøvåg bedehus, fordi ein meinte denne passa betre som altartavle. Dette i samband med at Sørbøvåg bedehus vart avvigsla og selt. Altartavla er måla av forkynnar og kunstmålar Wilhelm Bjørknes frå Gulen (1884-1969). Den «gamle» altartavla er plassert på bakveggen i kapellet. Der heng også eit eldre blide med tekst over «Dei 10 boda» som vi og fekk frå bedehuset. Kapellrommet har med dette fått eit positivt løft i si utsmykking, og soknerådet takkar Øn indremisjon og styret for Øn bedehus for gåvene.



Kyrkjegardar

Soknet leigde teneste til kyrkjegards-slått og vedlikehald hjå Åm Sognnes bygdeservice, og hjå Hyllestad Bygg for opning og lukking av grav i samband med gravferder. Soknerådet er godt nøgd med utføringa av desse tenestene. På Hyllestad gravplass har vi fått gjennomført festeavklaring på felt A, på oppsida av kyrkja. Gravminner frå graver som ikkje lenger er ønskt festa, er fjerna og destruert. Feltet skal påfyllast jord og omregulerast før ny gravlegging. Arbeidet er under planlegging og sendt til bispedømerådet for godkjenning. Parkeringsplassen ved Bø kyrkje fekk sårt tiltrent grus i samband med ein dugnadsinnsats der før konfirmasjonen 15. mai.

Vel møtt i kyrkja

I andakten i dette påskenummeret, skriv Ingvald Frøyen: «*Den gamle påskebelsinga som folk seier til kvarandre første påskedags morgon lyder: Kristus er oppstaden! Ja, - han er sanneleg oppstaden!*

Dette er ei helsing som held fast på det ufattelege og håpefulle: At livet sigrar over døden!»

Ja, påskebodskapen er noko ufatteleg stort som vi har å forvalte i kyrkja.

I år vert gudstenestene slik:

Skjærtorsdag 13. april kl. 16 i Øn kyrkje –

Dette er dagen då Jesus var samla i «Øvresalen» med læresveinane og han vaska føtene deira og gav dei nattverden: «Ta imot og et». Etter gudstenesta vil vi ha eit enkelt måltid saman.

Langfredag 14. april kl. 11 i Bø kyrkje – Dette er lidingsdagen, den lange dagen for Jesus, men den gode dagen for oss. «Good Friday» som den heiter på engelsk. Dette er ei annleis gudsteneste, ei stille gudsteneste med vekt på lesinga av Jesu lidingssoge. Sterk og djup i innhald!

1. påskedag 16. april kl. 11 i Hyllestad kyrkje.

Dette er jubeldagen: «Deg være ære Herre over dødens makt». Dette er grunnvollen som kyrkja vår er bygd på. Det passar godt med dåp i denne gudstenesta, og heile 3 born skal berast fram til dåpen. Natt til påskedag var det ofte dåp i den gamle kristne kyrkja, som eit teikn på at ein saman med Jesus gjekk frå mørke til lys.

2. påskedag 17. april kl. 11.30 på Eiklund.

Jubeltonen fortset i ei litt enklare og kortare gudsteneste. Både bebuarar og andre er hjarteleg velkomne!

Solosong ved «songfuglen» Elisabeth Sowerby Dale, vert det i påska, ikkje heilt avklart med kva dagar, men det vert kunngjort seinare, og me gler oss til songen!

BORNA SI PÅSKESANGGUDSTENESTE – vert det **1. søndag etter påske 23. april kl. 17 i Hyllestad kyrkje.** Denne søndagen er det avslutning for minikonfirmantane, og dei vil delta med lesingar og andre oppgåver. Me vonar at mange andre og kan ta turen til kyrkja denne dagen. Mange flotte påskesongar både for born og vaksne!

BALESTRAND KYRKJELYD PÅ BESØK TIL HYLLESTAD 1. PINSEDAG – 4. juni kl. 11

Det er alltid kjekt at kyrkjelydar kan møtast over grensene. På sjølve pinsedagen får kyrkjelyden i Hyllestad besøk frå Balestrand, og vi kan feire gudsteneste saman. Dei har lyst å sjå kyrkja slik den er no, og det vert fine songinnslag som nokon derifrå har, og gjerne her ifrå og. Programmet er ikkje heilt i boks. Kjetil Netland held talen, noverande sokneprest i Balestrand (50%). Han overtok då Audun Systad kom til Hyllestad etter 16 års teneste der inne. Kjetil er og prost i Sogn prosti. Pinsedag er ei viktig høgtid; kyrkja vart skapt og sendt ut med den gode bodskapen!

Gudstneste i friluft og utanom kyrkjehusa sommaren 2017

I Kvernsteinsparken har det blitt halde mange innhaldsrike gudstenester dei siste åra. Det som kan vere ei utfordring er veret, og temperaturen. I 2016 var det varmt og godt der, og det håpar me også det blir **søndag 11. juni kl. 11.** Vel møtt!

Kveldsmesse med bål og aktivitetar ved Espelandsvanet laurdag 8. juli kl. 21.00

Lokale krefter har komme med denne kreative ideen, som vi vil prøve i år. Vi håpar på godt ver og god oppslutning for folk i alle aldrar. Dette kan bli kjekt!

DEN GAMLE KYRKJEVEGEN FRÅ SKOR TIL ØN

Søndag 30. juli kl. 16 er det gudsteneste i Øn kapell. I år vil vi prøve å friske oppatt noko som har vore prøvd tidlegare. Av og til samla mange, av og til færre, men uansett eit flott tiltak: Å gå den gamle kyrkjevegen frå Skor til Øn. Det må seiast å vere ei fin «pilgrimsrute»

Start: kl. 11 ved garden Solås i Skor. Steinar Urnes er kjentmann og guide. Då vil ein ha god tid til gudstenesta kl. 16. Ta med mat og drikke, og inviter fleire med på ein triveleg tur denne sommarsøndagen!

Skor grendahus søndag 13. august kl. 12. - I Skor har det i mange år vore friluftsgudstenester borte ved fossen i friluft. No er det ikkje så godt å gjennomføre dette med lydanlegg og det heile. Grendahuset er fornøye og ein god stad og samlast. Grendalaget steller fint istand. Audun Systad leier denne gudstenesta.

Gudsteneste og basar ved Ramsgrø bedehus søndag 27. august kl.14.30

Dette er eit tiltak som i mange år har samla mykje folk. I år vert samlinga siste søndag i august. Først ei forenkla gudsteneste til opning, ved sokneprest og organist. Så ein basardel med påfølgjande god matøkt!

50-ÅRSKONFIRMANTAR SØNDAG 20. AUGUST KL.11 I HYLLESTAD

Dette året er det 1953-kullet som vert «gullkonfirmantar». Det er det siste kullet i Hyllestad som vart konfirmerte etter ordninga med konfirmasjon på seinsommar /hausten. Det var konfirmasjonsår 1967: 30.juli i Bø, 6.august i Hyllestad og 13.august i Øn.

I 1968 var det ingen konfirmasjonar i Hyllestad, for då tok den nye «leseordninga» til, at ein hadde konfirmasjonsførebuing gjennom året, og vart konfirmerte i mai/juni.

Det vart eit triveleg treff i fjor med gode tilbakemeldingar. Vonar det same kan skje den 20.august i år. Dei det gjeld har fått invitasjon; flott om de set av datoen! Hjarteleg velkomne!



FERIETIDA

Sokneprest Audun Systad har i sommar ferie i veke 28-31: 10.juli til og med 7.august. Det vert vikarar frå prostiet elles som er inne.

I veke 28-29 kan ein kontakte prost Reidar Knapstad: 975 68 220

I veke 30-31:

fung. prost Erling Nydal: 478 68 314

Konfirmasjonar i Hyllestad 2017

står snart for døra! Ein spennande dag for konfirmantar og familiar.

I år er det «heile» 7 konfirmantar i Bø 30.april. Kyrkja er ikkje så stor, men det blir teke av eit par benker til kvar familie, og det går an å sette til stolar; så ver ikkje redd å komme den dagen likevel!

I Hyllestad 7.mai er det i år «berre» 4, så der vert plassen veldig god.

I Øn er det 6 konfirmantar 14.mai, men der veit vi kyrkja er så stor, at det er masse plass! Lat oss vere med å gjere dagen fin for konfirmantar og familie. Det ber vi om den skal bli!

Konfirmantar 2017

Bø 30.04:

Emma Bråstad

Haakon Vegar Giil

Jonas Ness

Henrik Bosdal Nesje

Raymond Mjømen

Marlene Sognnes Solheim

Linn Katrin Wolff

Hyllestad 07.05:

Magne Akse

Arlen Nissestad Gjerde

Andrine Avedal Hovland

Joachim Øen

Øn 14.05:

Daniel Hatlem Engdal

Anders Ulvik Fleten

Jana Grosse

Elise Systaddal Høydal

Øyvind Mathias Hovland Siljander

Frida Solås

Konfirmantåret

Til jul hadde me fleire bilete frå hausten ,mellom anna med imponerande innsats på nattcup! Etter nyttår har dei vore på leir på Alværa, saman med Lavik, Bjordal og Balestrand! Gode tilbakemeldingar frå den! Dei har vore på Eiklund og møtt dei eldre der.

Torsdag 2.mars var det ein artig kveldstur til Rossvikheia med hovudlykter, og vi laga bål på

toppen, grilla og kosa oss, trass i litt sludd. Dette kullet ville gjerne ha friluftsliv, og det kunne me hatt meir av, noko dårleg ver i haust då det var oppsett gruppe for det, laga litt krøll. Vi satsar på ein tur i april. Elles har konfirmantane gjort ein flott jobb i gudstenesene med å vere kyrkjevertar. Det har blitt sett stor pris på!

Nett når dette bladet kjem ut, har det vore temagudsteneste (2.april) : «Skatten». Gjennom song, drama, lesingar og bilete, har konfirmantane vore med og formidla det djupaste i den kristne trua; kva Gud har gjort for oss gjennom Jesus Kristus, kor verdifulle det einskilde menneske er, og kva vi kan gjere for andre!





TÅRNAGENTHELGA

vart ei aktiv og flott helg andre helga i februar. Det var også i år samling i Øn kyrkje laurdag ettermiddag, Det er ei romsleg og god kyrkje og samlast i, og ein kan komme opp til tårnet

og få sjå og «prøve» klokkene. Søndag avr det gudsteneste på Hyllestad med ivrige tårnagentar som sang og hadde funne «skattar». Takk til gode medhjelparar!



Sunnfjord Gravferdsbyrå



*Vi vil på beste måte hjelpe dykk som parvande,
med alt som høyrer ei verdig gravferd til.*

Blomsterterget A/S - Dale Senter - 6943 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 - Mobil 975 21 569 - Telefaks 57 73 98 01

Vi tek sikte på å fylla minst
ei heil side i kvart nr. (3 nr pr
år) med annonser til fylgjande
prisar:

Visittkortannonse

3 innrykk pr. år: kr. 2.100,- pr. år
2 innrykk pr. år: kr. 1.800,- pr. år

Dobbel visittkortannonse,

3 innrykk pr. år: kr. 3.900,- pr. år
2 innrykk pr. år: kr. 3.200,- pr. år

ÅM SOGNES BYGDESERVICE



PARK/HAGE

- Sommarvedlikehald
- Nyetablering
- Retting, flytting, og oppsetting av gravminner

STEIN

- Beleggningsstein • Kantstein • Gråsteinsmuring

LANDBRUK

- Handtering av husdyrgjødsel
- Graving



6953 Leirvik i Sogn tlf: 959 43 735 www.aamsognes.no



HAVYARD

Improving life at sea



ÅPEN 09-19 (16)



HAFS Elektro & Rør AS

Treng du elektricar,
kontakt oss på tlf. 57 78 89 00



Lat oss realisere din bustaddraum!

RYLAND BYGG AS



Vi tilbyr: Hus og Hytter frå Bygghmann / Eigen prosjekteringsteneste / Byggeleiing og Prosjektleiing
Kontakt oss på: Tlf.: 992 81 401 / www.rylandbygg.no / firmapost@rylandbygg.no

Velkommen til kyrkje

Oppdatert gudstenesteliste/kalender finn de til ei kvar tid på vår heimeside:
www.hyllestad.kyrkja.no og på facebook

13. april (Skjært.)	kl.16.00:	Øn kyrkje. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet
14. april (Langfr.)	kl. 11.00:	Bø kyrkje. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet
16. april (Påskedag)	kl. 11.00:	Hyllestad kyrkje – dåp Takkoffer: Strømmestiftelsen
17. april (2.Påsked.):	kl.11.30:	Eiklund sjukeheim – og omsorgsbustader
23. april	kl.17.00:	Hyllestad kyrkje. Påskesanggudsteneste med born Utdeling av diplom minikonf. Takkoffer: Mali
30. april	kl.11.00:	Bø kyrkje. Konfirmasjon .Takkoffer: Barne og Ungdomsarb
7. mai	kl.11.00:	Hyllestad kyrkje . Konfirmasjon. Takkoffer: Barne og Ungdomsarb
14.mai	kl.11.00:	Øn kyrkje. Konfirmasjon. Takkoffer: Barne og Ungdomsarb
17. mai	kl.11.00:	Hyllestad kyrkje. AS Takkoffer: Fjordklang/ Hyllestad Musikklag
21. mai:		Alvæ rastemne. Vi møtest på Alværa Misjonssenter frå kl. 11:00, Hugs påmelding til Alværa om du ynskjer middag.
25. mai (Helgetorsd.)	kl.11.00:	Bø kyrkje – Runar Matsui Li Takkoffer: Menneskeverd
4. juni (Pinsedag)	kl.11.00:	Hyllestad kyrkje. Besøk med kyrkjelydstur frå Balestrand. Songinnslag . tale v. prost Kjetil Netland. Takkoffer: Sygna Vidaregåande Skule
11. juni	kl.11.00	(NB): Kvernsteinsparken, Hyllestad offer: Mali
25. juni	kl. 16.00:	Øn kyrkje. Takkoffer: Mali
2. juli	kl.11.00:	Hyllestad . Takkoffer
8. juli (lørdag)	kl.21.00	(NB): Espelandsvatnet. Kveldsgudsteneste med bålbrenning og aktivitetar i etterkant. Takkoffer
30 juli	kl.16.00:	Øn kapell . Runar Matsui Li. Takkoffer. Me går den gamle kyrkjevegen frå Skor. Oppstart ved Solås i Skor kl.11.00.
13. august:	kl. 12.00:	Skor grendahus. Takkoffer
20.august:	kl. 11.00:	Hyllestad. 50-årskonfirmanter. Takkoffer.
27. august:	kl. 11.00:	Bø. Takkoffer.
	kl. 14.30:	Ramsgrø bedehus Gudstenesteleg samling med basar og kaffistund.

Glede og Sorg

Døypte:

Hyllestad: Nolan Nordstrand

Øn: Anea Huseklepp Hatlem
Molly Eikelid

Gravlagde:

Hyllestad: Nicolai Kornelius
Sowerby f. 1971
Willy Ekreskar, f. 1943
Aud Bjørg Myklebust
Solhaug f. 1949
Kjell Arne Thorseth f. 1945


Bø: Randi I. Handal f. 1923
Åsa Høyum f.1919

INFORMASJON

B

Returadresse.
Kyrkjekontoret
Kommunehuset
6957 Hyllestad

NORGE



Møt kyrkja i Hyllestad på Facebook

Hald deg oppdatert på det som skjer i kyrkjelyden – Lik Kyrkja i Hyllestad på Facebook!

Vakttelefon i Sunnfjord prosti

Kvardagar etter kl 17:00 og på helge- og høgtids-dagar er det alltid ein prest i prostiet med beredskapsvakt.

Vakttelefonen skal nyttast om ein har bruk for prestetenester som ikkje kan vente, t.d. ved dødsbod, soknebod for døy-ande eller i andre kritiske situasjonar. Telefonnummer til vakttelefonen er **95483152**

Kontaktinformasjon for kyrkja i Hyllestad

Kyrkjekontoret har telefonetid tysdag og torsdag kl 10.00-15.00
Telefon: 57 78 85 65, evt. 975 83 290

Felles postkasse: post@hyllestad.kyrkja.no

For anna adresseinfo sjå: www.hyllestad.kyrkja.no

Bankkonto driftskonto: 3837.15.51619

Bankkonto barne og ungd.arbeid: 3705.30.96396

KYRKJEKONTORET:

Dagleg leiar/kyrkjeverje: Irene Fløde

E-post: irene.flode@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 992 38 420

Kyrkjeseekretær: Aslak Åm Sognnes

E-post: aslak.sognnes@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 975 83 290

Sokneprest: Audun Systad

E-post: audun.systad@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 971 55 237

Kontortid tysdag 10.00-14.00 (om ikkje tenesta hindrar)

Elles tilgjengeleg etter avtale.

I KYRKJENE:

Organist Erling Akse - Privattelefon: 57 78 86 45

Kyrkjetenar / klokkar Gunvor Insteffjord - Privattelefon: 57 78 88 03

UTADRETTA STILLINGAR:

Kyrkjelydspedagog Toril Lange

E-post: toril.lange@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 922 40 966

HYLLESTAD SOKNERÅD:

Soknerådsleiar Jostein Ryland - Mobiltelefon: 992 81 401

KYRKJEBLADET FOR HYLLESTAD

Bankkonto: 3705.01.58455

Utgjevar: Hyllestad sokneråd

Redaksjon: Aslak Åm Sognnes og Audun Systad

Trykk: Ingvald Husabø Prenteverk as



Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifta på gravminne.

Kyrkjekontoret formidlar kontakt med ein som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt på tlf. 57 78 85 65/975 83 290 !

E-post: post@hyllestad.kyrkja.no